

# LØYVE TIL MOTORFERDSLE ETTER VERNEREGLANE FOR HARDANGERVIDDA NASJONALPARK M.M. 2021

---

Etter telefonsamtale den 11.09.2021 og etter vedtak i Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark i møte 15.06.2020 sak 09/20 får:

Namn: **Kristoffer Åkre**  
Adresse: **Fjordavegen**  
Poststad: **5776 NÅ**

med dette løyve til motorferdsle etter vernereglane for Hardangervidda nasjonalpark for:

## **Landing med helikopter frå Airlift AS**

**i/på/ved: mellom Sorahorgi og Grotnuten i Grotbekken pos: 60.115000 / 07.261577**

## **Løyvet gjeld 1 landing 11.09.2021 - 13.09.2021**

Løyvet gjeld uttransport kjøt i samband med villreinjakt, i samsvar med § 4, pkt. 4.6.3.1.a i vernereglane, og etter reglane i Lov om motorferdsle i utmark § 6.

---

Merknader/særskilde vilkår:

- Motorferdsel utanom gjevne føremål og stad er forbode.
- Det må takast omsyn til viltet i området, og det kan gjevast pålegg om å utsetje transporten av omsyn til villrein eller andre omsyn til naturen.
- Dette løyvet gjeld ikkje retten grunneigar og brukar måtte ha til å stoppe eller avgrensa motorferdsel på sin eigedom etter gjeldande rettsreglar, jfr. motorferdsellova § 10.
- Baksida av løyvet skal fyllast ut før tur og før retur.
- Tilsynsutvalet kan til ei kvar tid trekkja attende motorferdselløyvet om lov eller forskrift vert endra, eller vilkåra for løyvet ikkje vert overhelde.

NB! Sjå baksida av løyvet.

Dette løyvet skal alltid vera med under transporten, og det skal visast til oppsynet når dette vert krevd.

**Løyvehavar sin gjenpart skal fyllast ut på baksida og sendast  
Tilsynsutvalet i Vestland, Sandvikevegen 11, 5780 Kinsarvik ,når løyvet er ferdig nytta.**

---

Tilsynsutvalet i Vestland, 11.09.2021

Anne Gerd Nysveen /sign.  
Sekretær

Dette vedtaket kan påklagast innan 3 veker frå det er motteke. Eventuell klage må grunngjevast og skal framsetjast i skriftleg form. Klagen skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til det tilsynsutvalet som har handsama søknaden.

# UTFØRTE TURAR

---

	Dato	Reg. nr	Signatur av fører
Tur 1 Start tur	_____	_____	_____

## NB!

**Førar av køyretyet (for luftfarty: flygaren) skal underteikne ovafor før tur og retur.** Turen er ikkje å rekne som utført i samsvar med føresetnadene dersom dette ikkje er gjort. Brot på reglane i løyvet kan føra til gebyr/påtale ved eventuell kontroll.

---

**NB!** Etter endt sesong, skal både unytta løyve og nytta løyve med påteikning for utførte turar, underteiknast og sendast

**Tilsynsutvalet i Vestland, Sandvikevegen 11, 5780 Kinsarvik**  
**innan 14 dagar** som grunnlag for statistikk.

\_\_\_\_\_  
Stad og dato

\_\_\_\_\_  
Underskrift

---